



vatn frå fjell til fjord

Inngrep i vatn og vassdrag – ei rettleiing





Forsidebilde:
Lonavatnet i Figgjoelvva.
Frøylandsvatnet i bakgrunnen.
Foto: Roy Mangersnes.

Baksidebilde:
Forsandåna.
Foto: Per Terje Haaland

Layout/kart/illustrasjon:
Ellen Jepson

Trykk: Kai Hansen
Opplag: 1000, mars 2010.

Inngrep i vassdrag har komplekse verknader

Sjølvs små inngrep i vassdrag kan føre til store skader både lokalt og nedstrøms tiltaket. Samstundes kan slike tiltak ha negativ effekt på flora og fauna i og langs vassdraget når elvebotn eller kantvegetasjon vert endra. Mange småinngrep ser uskuldige ut kvar for seg, men kan verke saman og føre til stor skade på både miljø og materielle verdier.

Det er derfor eit omfattende regelverk som regulerer inngrep i og langs vassdrag.

Det samla omfanget av inngrep som

- kanalisering,
- forbygging,
- erosjonssikring,
- senking,
- utfylling,
- masseuttak,
- vassuttak,
- grøfting,
- nydyrking og
- fjerning av kantvegetasjon

langs vassdrag medfører eit like stort produksjonstap av vill laksesmolt som brutto-tapet frå all vasskraftregulering i Norge, dvs. rundt ein million smolt i året.

(Kjelde: St. prp. 32, 2006-2007).

Treng du denne brosjyren?

Tiltak i vassdrag bli styrt av mange ulike lovverk, og myndigheit er delegert til fleire forvaltningsnivå (NVE, Fylkesmann, fylkeskommune, kommune). Dette er ei rettleiing til deg som sit i kommunen og får melding om slike planar, eller oppdagar tiltak som ikkje er omsøkte. Ofte vil det vere vanskeleg å vurdere terskelen for kva tiltak som er meldepliktige eller søknadspliktige, og ikkje minst kven det skal søkast til.

Sidan dei fleste tvilstilfella oppstår i LNF-område, rettar brosjyren seg særleg mot deg som jobbar med lokal landbruksforvaltning.



Kva er eit vassdrag?

I lovsamanheng reknar vi eit vassdrag som **ein vasstreng med årssikker vassføring**. Det vil seie ei elv, ein bekk eller kanal som ikkje årvisst tørkar inn. Inn under begrepet **vassdrag** kjem også innsjøar. I vassdraget inngår areal opp til høgaste flaumvasstand – dette betyr at areal nær vassdraget som til vanleg ikkje er dekkja av vatn også er med i vassdragsomgrepet. Vassdrag utan årssikker vassføring kjem og innunder lova dersom dei skil seg tydeleg frå omgivnadene. Meir detaljert informasjon finn du i vannressurslova §2.

Kven er vassdragsmyndigheit?

Vannressurslova (vrl) er den mest sentrale lova som regulerer inngrep i vassdrag. **NVE** er myndigheit etter dei fleste av vannressurslova sine paragrafar, og er den myndigheita tiltakshavar må ta kontakt med for å få ei vurdering av om eit tiltak treng løyve etter lova.

Mindre tiltak som ikkje krev konsesjon etter vannressurslova, kan likevel trenge løyve etter laks- og innlandsfiskelova si forskrift om fysiske tiltak i vassdrag. Frå 2010 er myndigheita etter forskrifta delt mellom Fylkesmannen og fylkeskommunen. Fylkesmannen har ansvar for tiltak på elvestrekk med laks eller sjøaure (anadrom strekning). Resten av elvane har fylkeskommunen ansvar for.. Det er tilgjengeleg ei oversikt over lakseførande strekningar og vandringsstopp på **www.temakart-rogaland.no**



Årsyngel av aure, om lag 5 cm lange. Ved alle inngrep i vassdrag må ein unngå tiltak som øydelegg levestader for fisk og andre vasslevande organismar. Foto: Øystein Søbye/Samfoto.

I mange tilfelle krev det skjønn å vurdere kva som er vandringsstopp i eit vassdrag. Du kan henvende deg til fiskeforvaltar hos Fylkesmannen for å få meir detaljert informasjon.

Det er ikkje høve til å fjerne kantvegetasjonen langs vassdrag jfr vrl § 11. Fylkesmannen kan gi dispensasjon frå denne paragrafen.



Kommunen er myndigheit etter vrl. §11 andre ledd. Det vil seia at grunneigar eller andre kan krevje at kommunen bestemmer kor breitt beltet med kantvegetasjon skal vere. Beltet må være breitt nok til å hindre avrenning og danne levestad for dyr og planter.

Vassdrag med særleg vern

Vannressurslova skal sikre forsvarleg bruk og forvaltning av alle vatn og vassdrag. I forvaltninga står dei verna vassdraga i ei særstilling fordi dei har særlege natur- og kulturkvalitetar. Vassdraga er verna mot kraftutbygging, og det er egne retningslinjer for arealbruk i 100 metersbeltet. Dei viktigaste lakseførande vassdraga i Rogaland er utpeika som **nasjonale laksevassdrag**. I desse vassdraga er det ikkje høve til å gjere inngrep som kan skade laksestamma og vassmiljøet, sjå kart side 4.

Verna vassdrag og nasjonale laksevassdrag i Rogaland



Vanlege tiltak i vassdrag - kva er søknadspliktig?

Fjerning av kantsone

Vannressurslova krev at det skal takast vare på ei vegetasjonssone langs vassdraget. Sona har fleire funksjonar: Røter av buskar og tre bind elvekanten og hindrar utrasing og erosjon. Vegetasjonen fangar opp næringsavrenning og finstoff som ellers renn rett ut i elva. Kantsona langs vassdrag er også ein viktig levestad for dyr og planter. Frå buskar og tre fell det ned insekt som blir mat for fisken i vassdraget. Vegetasjonen gir skugge og dempar solinnstrålinga til vassdraget i sommarhalvåret. Dette er gunstig for både fisk, elvemusling og mange andre vasslevande smådyr. Direkte solinnstråling kan i sommarhalvåret stimulere algevekst og groe i vassdrag som har høgt næringsinnhald i vatnet.

Kantvegetasjon er heilt avgjerande for å unngå erosjon langs elvebredden. Insekt og andre smådyr som fell ned frå tre og buskar er og viktig fiskemat. Foto: Tor Kviljo.





Bestandane av elvemusling (*Margaritifera margaritifera*) i Rogaland er sterkt reduserte dei siste 50 åra. Dette skuldast mellom anna graving og utfylling, tilslamming og forureining frå landbruk, forsuring, avløp og industri. Bilete er frå Figgjoelva ved Foss-Eikeland. Foto: Dag Mejdell-Larsen, NINA.

Kor brei må vegetasjonssona vere?

Lovverket på dette punktet ikkje harmonisert. Forskrift om produksjonstilskot seier 2 meter, nydyrkingsforskrifta seier minst 6 meter ved årssikker vassføring og 2 meter elles.

Undersøkingar tyder på at ei 10 meter brei sone mot dyrka mark er nødvendig for effektivt å motverke næringsavrenning og danne levestad for dyr og planter slik vannressurslova krev.




Etter vrl § 11 kan kommunen fastsette breidda på kantsona gjennom eiga forskrift eller arealplan. Kommunen må bruke skjønn og mellom anna tek omsyn til kor brei elva er, jordsmonn og korleis elvekanten er utforma. Ei kantsone på 10 m vil som regel oppfylle kravet i vrl.

Levende skog-standard og brosjyren "Skogbruk og vann" gir meir informasjon om breidde og vegetasjonstype mellom hogstfelt og vassdrag.



Eksempel på erosjon og utrasing/undergraving langs elvebredd. Her finst ikkje nok røter som bind jordsmonnet.

Erosjons/utrasing - skjematisk framstilling i typisk jærrelv



Illustrasjon: Ellen Jepson



Lukking av bekker endrar leveområda for både plantar og dyr fullstendig. Foto: Fylkesmannen i Rogaland.

Bekkelukking

Lukka vassvegar har ingen sjølvrensande effekt og aukar faren for flaum og vasskader nedstrøms lukkinga. Dyr og planter kan ikkje leve i lukka vassvegar. Lukking av bekker er såleis ikkje tilrådeleg av miljøomsyn og er som hovedregel konsesjonspliktig (jf. NVE veileder 1/2002).

Bekkelukking som blir utført utan løyve kan gi reduksjon i produksjonstilskotet. Det kan bli ytt tilskot for opning av bekker som tidligare har vore lukka. **Kontakt Fylkesmannen for informasjon.**



Naudsynt forbygning og sikring av bekke- og elveløp må gjerast på ei fagleg forsvarleg måte for å unngå skadelege bieffektar. Utretting løp fører ofte til at vatnet får stor fart og kan bety graving lenger nede i vassdraget. Dyrking heilt inntil bekkeløp er ulovleg. Bilete syner korleis slike tiltak *ikkje* skal gjerast. Foto: Trond Erik Børresen.

Forbygging/plastring og flaumvollar

Ofte oppstår erosjonsproblem fordi kantvegetasjonen har blitt fjerna, og/eller at vassdraget har blitt kanalisert/forbygd lengre oppe. Forbygging og plastring av elveløpet kan bremse erosjonen lokalt, men endrar straumforholda slik at elvestrekningen blir mindre eigna som levestad for fiskeyngel og botndyr.

Tiltaket vil som regel også føre til auka erosjon i kantane nedstrøms det forbygde området og kan såleis føre til at problemet blir overført til eigedommar lenger nede. Plastring av elvekantane kan også medføre auka erosjon i botn av elva.

NVE kan gi faglege råd om slike tiltak. Forbygging/plastring av lengre strekningar er konsesjonspliktig.

Flaumvollar

Flaumvollar langs vassdrag må avklarast med kommunen og/eller NVE. I verna vassdrag må tiltak innanfor 100 metersona vurderast særleg nøye, medan vollar langs andre vassdrag vil vere meldepliktige etter plan- og bygningslova. NVE kan gi råd om teknisk gjennomføring.

Vollen må leggst i god avstand frå vassdraget slik at kantsona blir bevart. Kantsona mellom elva og vollen vil verke flaumdempande og dermed gi vollen lengre levetid. Sona sikrar plass til elva/bekken sine naturlege prosessar og gir tiltaket betre landskapstilpassing.

Fleire og større flaumtoppar aukar behovet for flaumvollar. Bygging av flaumvollar krev vassfagleg innsikt og er meldepliktig etter plan- og bygningslova. I dette tilfellet er flaumvollen plassert alfor nær elvestrengen. Foto: Tor Kviljo.





Kanalisering og utretting/utdjuping av vassig krev som regel løyve etter vannressurslova. Slike tiltak gjer store endringar i leveområda for planter og botndyr. Foto: Svein Døm Elnan.

Kanalisering (utretting av løpet) og senking av løpet

Kanalisering og senking av løpet endrar straumforholda og reduserer vassdraget sin verdi som leveområde for fisk og botndyr. Auka fart på vatnet gir også auka flaum- og erosjonsfare nedstrøms kanaliseringa. **Meld frå til NVE for fagleg vurdering.** Kanalisering/senking er lite ønskeleg og er normalt konsesjonspliktig.

Opprensning og/eller reparasjon av elveløpet etter flaum

Dette kan ein gjere utan særskilt løyve innan tre år etter at løpet vart endra. Arbeidet må gjerast uten at det oppstår skade eller ulempe for naboar eller naturverdiar. Dersom det er tvil om det kan oppstå skade eller ulempe, skal tiltakshavarkontakte kommunen for nærare avklaring. I verna vassdrag må opprensning/reparasjon alltid avklarast med kommune og NVE.

Opprensning av grøfter/kanalar i landbruket

Dette er ikkje meldepliktig utanom i verna vassdrag.

Uttak av grus/masse

Større uttak krev løyve etter vannressurslova. All fjerning av grus eller masse må og vurderast etter laks- og innlandsfiskelova. Masseuttak kan gjere stor skade på elvemusling, gyteplassar for laks og sjøaure og anna liv i elva. Uttak av elvegrus er lite ønskeleg. **Kontakt kommunen, Fylkesmannen, eventuelt NVE, for vurdering.**



Utfylling i eller nær vassdrag

Utfylling i vatn og vassdrag vil i dei fleste tilfella trenge løyve etter vannressurslova. NVE kan avgjere at konsesjon kan erstattast av reguleringsplan. Utfylling kan og trenge løyve etter forureiningslova.

Graving og utfylling i elv, bekk eller vatn krev ofte løyve etter vannressurslova. På biletet har grunneigar ulovleg byrja fylla ut i eit naturreservat. Foto: Per Terje Haaland



Kryssing av vassdrag (bru, kulvert etc.)

Byggeaktivitet ved vassdrag bør skje i samsvar med godkjent reguleringsplan. Det er viktig at inngrepet ikkje blir eit vandringshinder for fisk (sjå t.d. brosjyren *Slipp fisken fram!*), eller fører til oppstuving av vatn og flaum-skader. **Ta derfor kontakt med NVE for råd.**



Vegkryssing av bekk eller elv krev bru eller kulvert. Bru er som regel best ut frå miljøomsyn. Ved bruk av kulvert er det viktig at den blir senka så djupt at fisken kan passere også i tørrversperiodar. Slike tiltak må hand-samast etter plan- og bygningslova. Foto: Per Ivar Bergan

Landbruksvegar

Sjølv om bygging av landbruksvegar er unnateke plan- og bygningslova, gjeld vannressurslova like fullt, inkludert regelen om at kantvegetasjonen langs vassdrag skal bevarast. Dette legg begrensningar på kor nært vassdraget vegen kan leggjast. Kommunen kan sette krav til linjeføring og miljømessig tilpassing av vegen. Vegar i bratt terreng kan endre avrenninga i terrenget og auke skredfaren. Dersom vegbygginga skjer innanfor 100-metersbeltet i verna vassdrag, skal kommunen sende søknaden til Fylkesmannen for uttale.

Uttak av vatn

Grunneigar sitt uttak av vatn til eige hushald og til drikke for dyr er ikkje konsesjonspliktig og treng ikkje meldast til NVE. Ein kan likevel ikkje ta ut meir vatn enn at alminneleg lågvassføring er tilbake. For berekning av alminneleg lågvassføring, sjå NVE rettleiar 1/2002. Uttak til vatning eller andre aktivitetar er ikkje omfatta av grunneigar sin rett til konsesjonsfritt uttak og skal meldast til NVE. For uttak av grunnvatn finst det eigne rettleiarar frå NVE, sjå for eksempel *Faktaark nr 6/2002, Grunnvann i vannressursloven. Forvaltning og konsesjonsplikt.*

Småkraft

For bygging av mikro-/mini- og småkraftverk finst det mange andre rettleiarar, les meir om dette på www.nve.no -> **konsesjoner** -> **vannkraft** -> **små kraftverk**. Fylkesmannen og fylkeskommunen kan og gje rettleiing her.

Aktuelt lovverk



I tillegg til vannressurslova er det óg andre lover og forskrifter som legg føringar for tiltak i og nær vassdrag.

Laks og innlandsfiskelova

Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag samt Forskrift om utviding av lakselova sitt saklege verkeområde.

Naturmangfaldlova

slår fast ei rad prinsipp for berekraftig bruk av naturen. Dette gjeld og større og mindre vassdrag. Lova gjeld på tvers av ulike sektorar. Nytt og sentralt i lova er kravet om kunnskapsbasert forvaltning (§ 8) og prinsippet om føre-var (§ 9).

Plan- og bygningslova

Gir føringar for korleis areal i vassdragsbeltet skal forvaltast, mellom anna i §1-8. Sjå også rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag.

Vassforskrifta

er heimla i forureiningslova, vannressurslova og plan- og bygningslova. Forskrifta er grunnlaget for regionplanar for framtidig vassforvaltning. Desse planane vil leggje føringar for arealbruken langs vassdrag.

Forureiningslova

Uttak av vatn kan endre resipientkapasiteten i vassdraget og såleis kreve løyve etter forureiningslova. Likeeins kan depotering av masse i eller nær vassdraget føre til tilslamming av botnen og derfor kreve løyve etter same lova. I forureiningsforskrifta finst det eigne bestemmelsar for anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt.

Skogsbrukslova

Forskrift om berekraftig skogbruk §5 har retningslinjer for miljøomsyn ved skogbruk, inkludert bevaring av kantsone mot vatn og vassdrag.

Jordlova.

Forskrift om planlegging og godkjenning av vegar for landbruksformål, sjå krav til søknad § 2-1.

Forskrift om produksjonstilskot i jordbruken § 8, andre ledd

Mot vassdrag med årsikker vassføring og mot kanaler skal det settes igjen en kantsone med minst 2 meter, målt horisontalt ved normalvassføring.



Sanksjonsmuligheter



Retting

Dei som har rettsleg klageinteresse kan krevje retting av tiltak som er utført utan naudsynt løyve. Dette kan omfatte både kommune, naboar og organisasjonar som representerer allmenne interesser, som td. Jeger- og fiskeforeninga, Turistforeninga etc. NVE skal gi pålegg om retting dersom ikkje konsesjon til tiltaket vert gitt i etterkant. Ved brot på Naturmangfaldlova kan det fastsetjast miljøerstatning til staten. Krav om miljøerstatning er tvangsgrunnlag for utlegg (§74 i lova). Ved brot på forskrift om fysiske tiltak i vassdrag kan Fylkesmannen eller fylkeskommunen la naudsynt rettingsarbeid bli utført for den ansvarlege si rekning.

Granelova §10 gir også heimel til å krevje retting. Dette gjeld ikkje for tiltak som har konsesjon etter vannressurslova. Kommunen kan ellers ved ulovleg oppførte bygg, terrenginngrep m.m. gi pålegg om stopp i arbeidet og retting etter Plan- og bygningslova kap. 32. Her er og heimel for å ilegge tvangsmulkt og overtredelsesgebyr.

Tvangsmulkt

Vassdragsmyndighetene (NVE) kan fastsette tvangsmulkt med heimel i vassressurslova (§ 60) for å sikre at krav om retting blir fulgt. Dersom det dreier seg om ulovleg fjerning av kantsone, kan Fylkesmannen kreve retting og sette tvangsmulkt. Tvangsmulkt er ikkje ei straff, men eit verkemiddel for å få gjennomført krav i medhald av lova.

Straff

Brot på vannressurslova har ei strafferamme på bøter eller fengsel inntil tre månader. Dersom det ulovlege tiltaket kan føre til stor skade på menneske, miljø eller eigedom, kan lovbrottet straffast med inntil to års fengsel. Det same gjeld om lovbrottet har ført til skade på verdiar i eit verna vassdrag.

Brot på Naturmangfaldlova kan straffast med bøter eller fengsel i inntil tre år i grove tilfelle (§75 i lova).

Brot på Laks- og innlandsfiskelova si forskrift om fysiske tiltak i vassdrag har strafferamme på bøter og inntil eitt års fengsel (to år ved særleg skjerpande tilhøve).

Ved **brot på nydyrkingsforskrifta** kan kommunen påleggje tiltakshavar å reparere skaden, godkjenning kan trekkjast tilbake, eller den ansvarlege kan ileggast tvangsgebyr, jf. §12 i nydyrkingsforskrifta.

Ved **brot på regelverket for jordbruksdrift** kan kommunen krevje retting. Dersom dette ikkje er mogleg, kan kommunen avkorte produksjonstilskotet, jf. Forskrift om produksjonstilskudd i jordbruket §§ 12–14.

Typiske brot er lukking av bekk utan godkjenning, lekkasje frå gjødsellager, oppdyrking og gjødsling innanfor 2-meterssona i vassdrag.

Kjelder/litteratur for fordypning

Brekken m. fl., 2001.

Vannressursloven. Kommentartutgåve

NOU 1994:12. **Lov om vassdrag og grunnvann**

Ot.prp. nr. 39 (1998–99). **Lov om vassdrag og grunnvann (vannressursloven)**

Rundskriv T-1078. **Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag**

DN Håndbok 9 (1994). **Inngrep i vassdrag - effekter og tiltak**

DN Håndbok 13, 2. utg 2006, oppdatert 2007. **Kartlegging av naturtyper - verdisetting av biologisk mangfold**

NVE 1998: **Vassdragshåndboka. Håndbok i forbygningsteknikk og vassdragsmiljø** (Tapir)

Vestfolds lille grønne. www.vlg.no -> vern natur og landskap -> vassdrag

Skogbruk og vann – Vannområdeutvalget i Morsa. Bearbeida frå Lennart Henriksons **Skogbruk vid vatten.** Skogstyrelsens förlag, 2000

Levende skog - Standard for eit berekraftig norsk skogbruk

Skjema M-0021B. **Søknad om bygging av landbruksveg**

SLF-464. **Sjekkliste for miljøomsyn ved jordbruksdrift 2009–2010, pkt 4.2–4.4**

Kantvegetasjon langs vassdrag!

Viktig natur – sterk beskyttelse.

Utgitt av Fylkesmannen i Vest-Agder.

Vegetasjonsbelter langs vassdrag - Veileder for etablering og skjøtsel. 1994. Fylkesmannen i Østfold, landbruksavdelingen.

Bioforsk temaark vol. 2, nr. 22, 2007.

Vegetasjonssoner bidrar til renere vann i vassdrag og innsjøer

Bioforsk temaark vol. 3, nr. 12, 2008.

Vegetasjonssoner - effektive filtre for jord, næringsstoffer og plantevernmidler

St. prp. nr. 32 (2006–2007). **Om vern av villaksen og ferdigstilling av nasjonale laksevassdrag og laksefjorder**







FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Fylkesmannen i Rogaland
Lagårdsveien 78, 4001 Stavanger
Telefon: 51 56 87 00
E-post: postmottak@fmro.no
www.fylkesmannen.no/rogaland



ROGALAND
FYLKESKOMMUNE

Rogaland fylkeskommune
Arkitekt Eckhoffsgt. 1, 4010 Stavanger
Telefon: 51 51 66 00
E-post: firmapost@rogfk.no
www.rogfk.no



NORGES VASSDRAGS-
OG ENERGIDIREKTORAT

Norges vassdrags- og
energidirektorat/Region Sør
Anton Jenssensgt. 7, 3103 Tønsberg
Telefon: 33 37 23 00
E-post: rs@nve.no